



Tormod Myklebust ynskjer å dele frå ei bustadtomt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tormod Myklebust og Runar Myklebust (far og son) i Uskedalen har no søkt kommunen om å få skilja frå tomt til nytt hus på garden. Tormod eig den no, men planlegg å overføra til Runar i nær framtid.

På garden er det i dag våningshus og kårhus. Kårhuset er i så dårleg forfatning at ein ikkje lenger ser det brukande. Likevel vil dei ta vare på ein del av huset, nemleg eldste delen, ei gamal røykstove frå ca. år 1800.

Tormod og Runar bed om å få byggja eit nytt hus som skal liggja med ei naturleg plassering, litt på avstand, men samtidig vert det ein del av gardstunet. For å oppnå best mulig finansiering, er det nødvendig å skilja frå grunnen huset skal stå på.

- I ei vanskeleg tid i næringa er eldste generasjon svært glad for at Ann Kristin og Runar vil busetja seg på tunet og driva garden i framtida. Vi ser det som avgjerande at det er gode butilhøve for oss alle, heiter det i brevet.

Av Ola Matti Mathisen